



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 6, 10. februar 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### No startar studentveka 2022!

Den 37. Studentveka i Volda startar fredag 11. februar. Veka varer frå 11. til 26. februar. På programmet står blant anna studentrevyen "La dei spise kake", der første framsyninga laurdag er alt utseld, men revyen går fram til 15.2. Blant artistane i vekeprogrammet finn ein blant andre brenn, Staysman og Fieh.

[LES MEIR](#)



### Landets mest nøgde lærarstudentar

Studentane på Grunnskulelærer 1-7 ved Høgskulen i Volda går heilt til topps i den nasjonale undersøkinga Studiebarometeret. Studentanes har gitt høgst samla karakter på sitt eige studium etter kor dei trivst "alt i alt". Også andre studium hadde gode resultat ved Høgskulen i Volda.


[LES MEIR](#)



## 60 Ipadar til låns på biblioteket

Høgskulen i Volda har kjøpt 60 iPadar som studentar og tilsette kan få låne i skranka i biblioteket. 45 av Ipadane er resevert studentar på grunnnskulelaraudanningane som treng dei til praksis i skulen, men dei siste 15 kan alle andre studentar og tilsette ved høgskulen få låne.

[LES MEIR](#)



## Sjå alle høgskulens rekrutteringsfilmar på Youtube

Høgskulen i Volda har eigen "kanal" på Youtube med filmar frå 2010 og fram til i dag, med omtale av festivalar, studentvelferd, forskning, studenthistorier - og om natur og kultur i Volda og på Sunnmøre.

[LES MEIR](#)

## Studium og studentliv:

### Vellukka internasjonal dag - NRK kom også på besøk

Over 100 HVO-studentar følgde med på Zoom då Høgskulen i Voldas internasjonale partneruniversitet presenterte seg under internasjonal dag 9. februar. Ca. 30 institusjonar fekk presentere seg, og nettmøtet vart vel gjennomført. Høgskulen har i alt ca. 100 internasjonale utvekslingsavtalar. NRK Møre og Romsdal møtte også opp på internasjonal dag, og du kan [sjå innslaget frå dagen på NRKs nettsider, ca. 4.25 minutt ut i sendinga.](#)

### Menyen i kantina neste veke

Måndag: Linsegryte(vegetar/vegan). Vegansk tomatsuppe  
Tysdag: Dampa torskefilet med gulrotstuing og bacon. Spinatsuppe  
Onsdag: Biffburritos med ris og salat. Blomkålsuppe  
Torsdag: Potetball med tilbehør. Tom-kha suppe med kylling  
Fredag: Tacobuffé

Alle middagar kostar kr 14,90 pr. hg. Supper kostar kr 35,-.  
[Lenke til Sivolda og kantina sine nettsider.](#)

## **Ny SHOT: Helse- og trivselsundersøking for studentar**

Ein ny runde med Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT) er i gang og alle studentar ved Høgskulen i Volda er inviterte til å delta. SHOT prøver å finne ut korleis det eigentleg er å vere student - blant anna når vi no går inn i det tredje året med korona. 180.000 studentar får invitasjon til SHOT på e-post, og 100 av dei som svarar på spørsmåla får i premie eit gåvekort på kr 500.-. Undersøkinga går fram til 15. mars. [Les meir om SHOT på nettsidene våre.](#)

## **Søknadsfrist for opptak til hausten: 20. april**

Samordna opptak opna sine digitale dører for nye søkarar til høgare utdanning 1. februar, og søknadsfristen er 20. april. [Her er informasjon om studietilboda ved Høgskulen i Volda og om Studiebygda Volda.](#)

## **Stilling ledig: Faddervekestyret hausten 2022**

Har du lyst å bidra til at fadderveka ved Høgskulen i Volda i 2022 blir heilt magisk? Då kan du søke på eit av deg seks verva i faddervekestyret fram til og med 14. februar. [Les meir om Faddervekestyret her.](#)

# Styre og stell:

## **Mariann Schjeide ny biblioteksjef ved Høgskulen i Volda**

Høgskulen i Volda har tilsett Mariann Schjeide som ny biblioteksjef. Schjeide har blant anna studert norsk storfag ved Distrikthøgskulen i Volda, ho har utdanning som bibliotekar frå Høgskolen i Oslo og har tidlegare blant anna vore biblioteksjef i Ålesund kommune og vore leiar i Norsk bibliotekforbund. Schjeide tek til i stillinga 1. mars. Tidlegare biblioteksjef Mona Iren Auganæs har teke til i Møre og Romsdal fylkeskommune i stilling som seksjonsleiar for arkiv, bibliotek og museum.

## **Internett blir borte: Måndag 14. februar kl 17-19**

På grunn av vedlikehald og oppgraderingar blir nettverket på Høgskulen og studentheimane borte i to timar måndag 14. februar, mellom klokka 17 og 19.

### **Mammut-rabatt til HVO-tilsette**

Bokhandelen Akademika har det årlege Mammut-boksalet 7.2.-12.3., og HVO-tilsette får rabatt på rabatten om dei tingar bøker på nettsida [akademika.no](https://www.akademika.no) og nyttar rabattkoden HVOTILSETT.

## Fag og forskning

### **Tre søknader til Noregs forskingsråd - alle med kvinner som prosjektleiar**

Fagmiljø ved Høgskulen i Volda har i det siste sendt fleire søknader om midlar til forskingsprosjekt frå Noregs forskingsråd innanfor ordninga Forskarprosjekt innanfor temaet banebrytande forskning - altså opne søknader. Dette er eitt av områda der det er aller hardast konkurranse om midlane frå Forskringsrådet. For alle dei tre prosjekta gjeld at dei har mange samarbeidspartar, både internt på Høgskulen i Volda og frå andre forskingsinstitusjonar i inn- og utland. Alle dei tre søknadene som vart sendt frå Høgskulen i Volda til denne utlysinga hadde kvinnelege prosjektleiarar i år.

Her er kort omtale av dei tre søknadene:

#### **Forskingsøknad (1): Rethink - om religion og flyktningar i Midt-Austen (1920-2022)**

Prosjektleiar er [professor Inger Marie Okkenhaug](#), Avdeling for samfunnsfag og historie. Prosjektet går ut på å undersøke kva betydingar religion har for flyktningar og bistandsarbeid i Midt-Austen i eit historisk perspektiv (1920-2022). Prosjektet ønsker å få fram flyktninganes eigne røyster, noko som i stor grad har mangla i forskingslitteraturen.

#### **Forskingsøknad (2): Nature wellbeing - om natur, mental helse, personleg vekst og karakterdanning**

[Prosjektleder er førsteamanuensis Helga Synnevåg Løvoll](#), Avdeling for kulturfag. Prosjektet har som hypotese at visse naturopplevingar (ikkje alle) styrker personleg vekst og karakterdanning. Verdien av djupe naturopplevingar blir undersøkt på studentar på vintertur og for sårbare unge vaksne utanfor utdanning og jobb på deira 30-dagar lange segletokt med Christian Radich. I lys av opplevingane til sjøs, utforskar prosjektet i kva grad og korleis dei unge vaksne vender tilbake til utdanning eller jobb gjennom eit longitudinelt design. Prosjektet er tverrfagleg mellom psykologi og filosofi og spring ut frå forskargruppa natursyn, estetikk og etikk ved HVO. NTNU og fleire amerikanske universitet er partnarar i prosjektet.

### **Forskingssøknad (3): Connecting - om å dokumentere 1800-talets kvinnelege forfattarar og samordne eksisterande kunnskapsbasar**

Prosjektleder er [professor Marie Nedregotten Sørbø](#), Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Prosjektet går ut på å kartlegge kva kvinnelege forfattarar som blei lest i Noreg før 1900 og forstå kva rolle dei spelte i samtida. Prosjektet vil utarbeide ein felles, digital plattform for samordning av internasjonale og nasjonale databasar over skrivande kvinner i fortida.

### **På engelsk eller norsk? Webinar 15. mars**

Høgskulen i Volda, Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum arrangerer nasjonalt webinar om Språklova og om korleis engelsk og norsk blir brukt i utdanning, forskning og formidling ved norske UH-institusjonar. Blant innleiarane er språkdirektør Åse Wetås, statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel, 1. amanuensis Alexander H. Sandtorv og professor Jan Inge Sørbø. [Les meir om seminaret på nettsidene våre.](#)

### **Opptak til Kompetanse for kvalitet - søknadsfrist 1. mars**

[«Kompetanse for kvalitet»](#) er styresmaktene si satsing på vidareutdanning av lærarar fram mot nye kompetansekrav i 2025. Høgskulen i Volda (HVO) tilbyr i alt 15 studietilbod for lærarar og barnehagelærarar i dette programmet. Søknadsfristen er 1. mars. Kontaktperson på Høgskulen i Volda er [seniorrådgjevar Ole Frank Bakken](#) ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## **Forskningsmidlar og forskingsaktivitetar - fristar**

## **Fjordkonferansen 2022: Frist for abstrakt er 1. mars**

Fjordkonferansen 2022 blir arrangert på Hotel Alexandra i Loen 16.-17. juni, og arrangør er NTNU i Ålesund. Det overordna tema for konferansen er Nyskaping. På plenumsprogrammet står blant anna ein debatt om høgskular og universitet si rolle i samarbeid med næringslivet og utdeling av Sparebanken Møres forskarpris for beste artikkel i Fjordantologien 2021, som blir gitt ut på konferansen. Frist for å sende inn abstrakt til konferansen er 1. mars 2022 og innlegga må vere ferdige til 15. mai. [Les meir om konferansen på nettsida Fjordkonferansen.](#)

## **UH-Nett Vest: Nettverks- og prosjektutvikling: Søknadsfrist 15. mars**

UH-Nett Vest har lyst ut midlar som skal bidra til å styrke samhandlinga mellom UH-Nett Vest institusjonane og å bygge sterke relasjonar mellom akademia og eksterne aktørar i regionane. Støtta blir gitt som såkornmidlar til nettverksbygging, prosjektutvikling og formidlingsaktivitet. Det kan søkast om inntil kr 200.000 pr søknad. [Les meir om støtteordningane på nettsidene til UH-Nett Vest.](#)

## **FoU-stipend for 2023: Søknadsfrist 15. mars**

Fast tilsette på Høgskulen i Volda kan no søke om FoU-stipend for kalenderåret 2023. Føremålet med FoU-stipenda er å gi meir samanhengande tid til forskning og fagleg utvikling i eitt semester. Det er eit vilkår at søkjar har ordna med frikjøp frå undervisningsoppgåver i stillinga si, til dømes ved at det vert tilsett vikar. Tidsrommet for frikjøpet (vår eller haust 2023) må difor vere avklara med næraste leiar. [På nettsidene våre er det meir informasjon om ordninga og elektronisk søknadsskjema.](#)

## **11 millionar å hente frå Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal**

Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskarar ved Høgskulen i Volda kan søke på. Den største ordninga er kalla [Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpande og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpande søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.



### Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

### Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Volda's nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

### Første bok om losvesenets historie: "Norsk loshistorie 1720-2020".

[Førsteamanuensis Ola Teige](#), Avdeling for samfunnsfag og historie, har saman med Eirik Gurandsrud (Kystverkmusea/Jærmuseet) redigert boka: "[Norsk loshistorie 1720-2020. Fra selvstendig næringsdrivende til statsansatte](#)" og er gitt ut på Museumsforlaget. Dette er den første faghistoriske boka om losvesenets samla historie, og boka er gitt ut i samband med at det er 300 år sidan det vart etablert eit norsk losvesen i 1720. Ola Teige har i tillegg til å ha redigert boka også skrive eit kapittel: "Privatisert statsbygging: Kaptein Gabriel Christiansen og opprettelsen av et norsk losvesen 1719–1738" og [professor em. Arnljot Løseth](#) har skrive kapitlet "Tre næringsvegar – og eit farefullt liv. Losane på Runde losstasjon". Frode Pilskog, Viti, har også skrive eit kapittel i boka. Boka er finansiert gjennom Kulturrådet si ordning Forsking i museum, og etter å ha fått tilslag på prosjektet tok Kystverkmusea kontakt med Historisk institutt ved Høgskulen i Volda som stilte opp som prosjektpartner.

## Margit Ystanes har gjeve ut bok om tillit og bevaring av regnskog

Tidlegare førsteamanuensis Margit Ystanes, ASH, har gjeve ut boka "[\(Mis\)trusting Development - Social Struggles and Forest Conservation in Guatemala](#)" på forlaget Palgrave Macmillan. Ystanes har slutta ved HVO, men ho skreiv boka då ho framleis jobba på Høgskulen i Volda, så i forfattaromtalen i boka står det at ho er tilsett her.

# Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

## Ledig mellombels stilling som førstekonsulent på Avdeling for mediefag - søknadsfrist 20. februar 2022

Avdelingsadministrasjonen ved Avdeling for mediefag har ledig vikariat i 100 % stilling som førstekonsulent i perioden 15. mars til 30. juli 2022. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

## Ledig fast stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing - søknadsfrist 20. april 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie, er det ledig fast stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing, med planlagt tilsetjing frå 1. august 2022. Stillinga er ved Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS), og primært ved programma Bachelor i planlegging og administrasjon og Master i samfunnsplanlegging og leiing. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)





## Kultur



## Idrett

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)  
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

- 11.-26.02.2022: [VEKA: Studentveka](#), Rokken
- 12.02.2022: Handball, menn: [Ørsta - Kristiansund](#), Ørstahallen
- 12.-15.02.2022: [VEKA: Studentrevyen](#), Rokken
- 16.02.2022: [Snøkvit, familiemusikal](#), Ørsta kulturhus
- 17.02.2022: [VEKA: brenn.](#), Rokken
- 18.02.2022: [VEKA: Standup med Henrik Fladseth](#), Rokken
- 22.02.2022: [VEKA: Tren med Victoria Tolaas](#)
- 22.02.2022: [VEKA: Vekavision](#), Rokken
- 22.02.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet
- 23.02.2022: [VEKA: Vekakviss](#), Rokken
- 24.02.2022: [VEKA: Staysman](#), Rokken
- 25.02.2022: [VEKA: Fieh](#), Rokken
- 26.02.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet
- 26.02.2022: Handball, kvinner: [Volda - Nordstrand](#), VCA
- 27.02.2022: Volleyball, kvinner: [KFUM Volda - Oslo](#), VCA
- 04.03.2022: [Loui & Lexus + Åse](#), Rokken
- 04.03.2022: [Multiverse \(Jazzklubben\)](#), Tredet
- 05.03.2022: Handball, menn: [Volda studentidrettslag \(VSI\)-Stranda](#), Ørstahallen
- 06.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Sunnfjord](#), VCA
- 06.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Førde](#), VCA
- 08.03.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet
- 09.03.2022: [Riksteateret: Trine Rein femti, Feit \(og enda meir\) Bitter](#), Ørsta kulturhus
- 11.03.2022: Disputas, [Kristine Vaadal](#), HVO
- 11.-12.03.2022: [Standup](#), Tredet
- 12.03.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet
- 12.03.2022: [Bryggarmeisterskap](#), Ørsta kulturhus
- 13.03.2022: [Riksteateret: Hedda Gabler](#), Ørsta kulturhus

15.03.2022: [Venner på veien](#), Ørsta kulturhus  
16.03.2022: Handball, kvinner: [Volda - Fjellhammer](#), VCA  
17.03.2022: [Adam Douglas](#), Ørsta kulturhus  
19.03.2022: Handball, menn: [Ørsta - Orkanger](#), Ørstahallen  
20.03.2022: [Symfoniorkesteret](#), Fosnavåg konserthus  
22.03.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet  
24.03.2022: [Skambankt // Ti for alt -2022](#), Rokken  
24.03.2022: [Konsert og bokslepp med Stig Ulv](#), Ørsta kulturhus  
25.03.2022: [Peppa pig live!](#), Ørsta kulturhus  
27.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Breimsbygda](#), Honndalshallen  
27.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Studentspreppen](#), Honndalshallen  
31.03.-03.04.2022: [X2-festivalen](#), Volda/Ørsta  
01.-03.04.2022: [NM Volleyball, U15](#), VCA  
02.04.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet  
15.04.2022: [Pastor Rex](#), Fugl Føniks  
23.04.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet  
30.04.2022: [Beady Belle \(Jazzklubben\)](#), Rokken  
03.05.2022: [Jo mere vi er sammen \(Teateret Vårt\)](#), Ørsta kulturhus  
06.05.2022: [Music for a while m/Tora Augestad \(Jazzklubben\)](#), Rokken  
20.05.2022: [Rotlaus](#), Rokken  
21.05.2021: [Madrugada](#), Hoven (Loen)  
09.-12.6.2022: [Dei nynorske festspela](#), Volda/Ørsta  
1.-2.7.2022: [Trandalblues](#), Trandal  
09.09.2022: [Honningbarna](#), Rokken  
10.10.2022: [The magic of Alexx Alexander](#), Ørsta kulturhus  
13.10.2022: [Astrid S](#), Rokken  
23.10.2022: [Tvillingene \(Teateret Vårt\)](#), Ørsta kulturhus  
09.11.2022: [Puls \(Teateret vårt\)](#), Ørsta kulturhus

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Fleire av dei aktuelle møta og arrangementa kan bli formidla via video.

### Vårsemesteret 2022:

9.2.2022: [Internasjonal dag](#) (digital)  
10.-11.2.2022: "Dekanseminar": Strategi/handlingsplan, sektormål, utviklingsavtalen m.v.  
16.2.2022: [Skaparlunsj \(Skaparhuset\)](#), Sunnmøre Folkehøgskule, Ulsteinvik  
16.2.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
17.2.2022: [Forskingsutvalet](#)  
17.2.2022: HMS-dag  
3.3.2022: [Høgskulestyret](#)  
15.3.2022: [Nettseminar om Språklova og engelsk/norsk i akademia](#)  
17.-18.3.2022: Studietur for rektors leiargruppe - UiB og HVL

24.-25.3.2022: Avd.seminar ASH  
31.3. - 1.4. 2022: [Jubileumsmarkering: Sosialfag 50 år](#)  
19.-20.4.2022: Personalseminar AKF  
20.4.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
21.4.2022: [Forskingsutvalet](#)  
22.4.2022: [50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#)  
25.4.2022: [The Northwest](#), Ålesund  
4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)  
5.5.2022: [Høgskulestyret](#)  
17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF  
1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
2.6.2022: [Forskingsutvalet](#)  
2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF  
16.6.2022: [Høgskulestyret](#)  
16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen  
20.6.2022: Sommaravslutning ASH  
22.6.2022: Sommaravslutning AMF

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

### STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

## Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)